

ÅRSMELDING FOR VANG HISTORIELAG 2008

Årsmøtet 2008

Dette vart halde på biblioteket 12. mars. 19 personar var til stades.

Styret har i meldingsåret vore samansett av:

Harald Olav Jevne – leiar

Inger Sørum – skrivar

Randi Holien – kasserar

Jan Sparstad – styremedlem

Ove Bunde – styremedlem

Varamedlemmer til styret:

Andris Kvam og Berit Oldre.

Revisorar: Aslaug Gjevre og Frank Jacobsen

Valnemnd: Nils Rogn (leiar), Katharina Sparstad og Johannes Kasa.

Årsmøtet vedtok:

- Uendra kontingent (kr 50,- for einskildmedlemmer, kr 75,- for familie)
- Godtgjersle til styret: kr 1000,- til kasserar, kr 2500,- til fordeling på dei andre styremedlemmene. Styret har valt å nytte heile beløpet til ein koseleg kveld på Filefjellstuene for styremedlemmer, æresmedlem og heimesideansvarleg med følge.

Styreaktiviteten

Styret har hatt fem møte i meldingsåret, i tillegg til møte saman med styret i pensjonistlaget for planlegging av arrangement. Saker som har vore handsama og arbeidd med:

- ”Dugnad for skulehusa”
- Fotoarkivet i kommunen bør digitaliserast
- Leiaren deltok på årsmøte i Valdres historielag
- Leiaren har delteke i planlegging av restaurering av den gamle brygga på Bygdin
- Historielaget støtta arbeidet med ny fane i Høre skule med kr 1000,-
- Leiaren har hatt kontakt med Stein Erik Skoug ang. heving av ei av klokkene til St. Tomaskyrkja som ligg i Smedalsvatnet
- Samarbeid med Harald Bøe om å gje ut ei bok far hans har skrive, om bygdehistorie i Vang
- Jan Sparstad orienterte om Vang historielag i eit program på Valdres radio

Æresmedlem

Sigfred Hovda vart utnemnd til æresmedlem av Vang historielag i samband med 75 årsdagen sin.

Arrangement

- Synfaring av "namnesteinen" i Jøvnehago 25. mai. Ove Bunde var turleiar. 10-12 personar deltok
- Tur til Hugakollen og Alasteinadn 12. juni. Jørgen Kvam var turleiar. 30 personar deltok
- Utstilling av diverse arbeid av Eivind Bakken og elevar 21. juni (samarbeid med Vang pensjonistlag). Dette var ein stor suksess med over 100 frammøtte og familien til Eivind Bakken var spesielt invitert. Under Sigfred Hovda sitt kåsereri om Eivind Bakken var det trongt i Thorpe skule!
- Hausttur til Hødtind 17. august. Stian Hjellemarken var turleiar. 5-6 personar deltok
- Løgnt o' løgle' 2 kveldar (på Vangsheimen i april og i Søre Hemsing i november)

Vardevandring

665 personar har skrive seg inn i boka på Hugakollen i 2008, av dette 90 utlendingar. Ingrid Falkenberg frå Lillestrøm vann gevinsten som vart trekt ut ("Myljo dal og fjell", utgjeve av elevbedrift ved Valdres vidaregåande skule)

Medlemstal

Pr. 31.12.2008 hadde Vang historielag 106 medlemmer. Innbetalt kontingent i 2008 var kr 4500,-.

Økonomi

Pr. 31.12.2008 hadde Vang historielag ein beholdning på kr 150 855,34.

Vang i Valdres, 7. mars 2009

Styret